

**F U S A   K O M M U N E**  
**REGULERINGSFØRESEGNER**  
**TIL**  
**REGULERINGSPLAN**  
**FOR**

**DETALJREGULERING ENDRING AV DEL AV**  
**EKSISTERANE PLAN HALDOR TUFT**

**Gnr. 84, bnr. 1 og 2**  
**Planid.:**  
**Plan- og bygningslova §12-7.**

**• 1    Reguleringsplanen omfattar areal som vist på kart i Mål.: 1:1000 dagsett**

- 1.1    Byggjeområde
  - 1121    Fritidsbustadar
  
- 1.2    Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
  - 2011    Kjøreveg F
  
- 1.5    Landbruks- natur og friluftsområde
  - 5130    Friluftsføremål

**• 2    Byggjeområde**

Areal for fritidsbustadar

- 2.1    Bygningar kan oppførast i max 2 etasjar på grunnmur. Alle murar over 1m skal byggjemeldast. Takvinkel 8-42°. Dersom ein vel bratt takvinkel skal 2. etasjen inn i takverket. Bygningane skal sterkt tilpassast terrenget. Utgravne massar skal ikkje plasserast som ein flatevoll framfor bygningen. BYA for nye hytter 35 %. Max grunnflate 120m<sup>2</sup> + 15m<sup>2</sup> bodbygg.

**Fellesområde**

Vegar og snuplass

- 3    Vegen har reguleringsbreidde 5 m.  
Vegen er felles for tomtane i området.
  
- 4    All parkering skal føregå på eigen eigedom.

• 5 **Fellesføresegner**

- 5.1 Fritidsbustadane skal sterkt tilpassast terrenget m.a. utan opphøgd terreng.
- 5.2 Kommunen skal ved handsaming av byggjemeldinga sjå til at eitkvart bygg får ei god form og materialval, og at bygg i same området får ei harmonisk utforming med omsyn til arkitektur og materialval og terrengtilpassing.
- 5.3 Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jfr. kulturminnelova §8, 2 ledd.
- 5.4 Tilkomst for rørslehemma skal leggjast til grunn for all utforming av bygningar og fellesområde. Minst 50% av hyttene skal ha utforma tilkomst for rørslehemma.
- 5.5 **REKKEFØLGJEKRAV**  
Ingen kan få bruksløyve/ferdigattest før bygningen er tilknytt privat vatn og avløp, og privat vegtilkomst med parkeringsplassar opparbeidd og bruksklare.

02.01.2014

*Harald Bjørndal*